

Europaparlamentets plenumsmøte 23. – 26. november - rettsstat, forbrukarrettar og krav av sanksjonar mot Tyrkia

Innberetning fra Per S. Nestande, Stortingets Brusselkontor
27. november 2020

- *Europaparlamentet står fast på krav om ein rettsstatsmekanisme som del av semja om langtidsbudsjettet og gjenreisingspakken*
- *Uro for utviklinga av grunnleggjande rettar og mediefridom i EU og for retten til abort i Polen*
- *Europaparlamentet vil styrke forbrukarrettar gjennom gruppesøksmål og ein rett til å reparere produkt og vil ha tiltak for trygge og rimelege medisinar til alle*
- *Uro over menneskerettar og overgrep i Kviterussland, Etiopia og Algerie og krav om sanksjonar mot Tyrkia*

Europaparlamentet møttes denne veka til plenumsmøte. Igjen var møtet for det meste digitalt, men med dei som deltok fysisk gjorde det i Brussel. Det var store og klare fleirtal i mange av vedtaka, men spørsmål om grunnleggjande rettar og rettsstat er som så ofte før meir kontroversielle.

Debatt om det kommande toppmøtet

EUs stats- og regjeringssjefar møtes til toppmøte 10. desember. I ein [debatt om møtet](#) oppmoda kommisjonspresident Ursula von der Leyen Polen og Ungarn om ikkje å blokkere ei semje om langtidsbudsjettet og gjenreisingspakken pga. rettsstatsmekanismen som er del av pakken. Dersom dei meiner mekansimen er i strid med EU-traktaten, kan desse landa ta dette til EU-domstolen sa ho. Alle dei parlamentariske leiarane oppmoda Det europeiske råd om å inngå ein avtale om budsjettet i desember, men den konservative gruppa (ECR) og ytre høgre-gruppa (ID) ga støtte til regjeringane i Polen og Ungarn.

Uro for grunnleggjande rettar i EU og mediefridom

I ein [resolusjon om grunnleggjande rettar i EU](#), uttrykkjer Europaparlamentet uro over fleire tilhøve. Det gjeld både vilkåra for sårbare grupper, ytringsfridom og mediemangfald, men også generell tilbakegang for likestilling og kvinners rettar. Ulike former for hatefulle ytringar og rasisme har vorte normalisert. Europaparlamentet meiner det er kritisk viktig med ein EU-mekansime for demokrati, rettsstat og grunnleggjande rettar. Avrøystinga viste eit delt parlament – 330 røysta for og 298 mot resolusjonen og 65 lot vere å røyste.

Samstundes vedtok [Parlamentet med stort fleirtal ein resolusjon](#) som åtvarar mot forsøk på å kneble kritikk og undergrave mangfald i europeiske media. Parlamentet meiner samla sett mediefridommen i Europa er redusert.

Resolusjon retten til abort i Polen

[Eit stort fleirtal i Europaparlamentet meiner](#) dommen om abort som kom frå den polske konstitusjonsdomstolen i oktober, vil føre til fleire utrygge abortar. Resolusjonen meiner også at kvinners grunnleggjande rettar ikkje lengre er trygge i Polen og at vedtaket i konstitusjonsdomstolen er nok eit døme på at rettsstaten kollapsar i landet. I debatten var det ein del som viste til at abortlovgeving er nasjonal kompetanse og dermed ikkje noko EU skal meine noko om.

Styrke europeisk demokrati til EU-valet i 2024

Basert på erfaringane frå valet til Europaparlamentet i 2019, var det vedteke ein [resolusjon med framlegg til endringar](#) i forkant av valet i 2024. Europaparlamentet meiner det er viktig å stimulere til fortsatt høg involvering av unge, sikre alle borgarar lik rett til å røyste og vere representert og å

styrke den europeiske dimensjonen i valet. Det bør vurderast å tillate fjernrøysting, senke stemmerettsalderen til 16 år og opprette eit europeisk valdirektorat.

Gruppesøksmål og reperasjonsrett

Europaparlamentet [ga denne veka samtykke til ny lovgjeving](#) som krev at alle medlemsland må vedta reglar som tillet gruppesøksmål. Dette skal bidra til å stanse ulovleg handelspraksis og styrke rettsvernet til forbrukarane. Parlamentet bad også [Kommisjonen om tiltak for å styrke gjenbruk og innføre ein reperasjonsrett for forbrukarar](#).

Trygge og rimelege medisinar til alle

Helsekommissær Stella Kyriakides presenterte [Europakommisjonens nye farmasøytiske strategi](#). Strategien vart godt motteke av [Europaparlamentarikarane](#) som understreka at alle i EU må ha tilgang til trygge og rimelege medisinar. Dei var også opptatt av at EU må bli mindre avhengig av å importere viktige innsatsfaktorar til produksjon av medisin og å styrke innovasjonen i europeiske farmasøytiske selskap.

Krav om ein revidert industristrategi for EU

[Europaparlamentet meiner Kommisjonen må revidere sin industristrategi](#) som var lagt fram i mars i år. Den reviderte strategien må ta omfatte utfordringane med gjenoppbygginga etter covid-19 og utfordringane med digital og miljømessig omstilling. Parlamentet tek også til orde for å styrke EUs industrielle suverenitet og strategiske autonomi.

Menneskerettssituasjonen i Kviterussland, Etiopia og Algerie

[Europaparlamentet vedtok nesten samrøystes tre resolusjonar](#) som fordømmer og kritiserer styresmaktene i Kviterussland, Etiopia og Algerie. Dei krev etterforsking av overgrep, stans i voldsbruk og stans i brot på menneskerettar.

Krav om sanksjonar mot Tyrkia

[Eit nesten samrøystes Europaparlament](#) krev sanksjonar mot Tyrkia som svar på landets illegale verksemd i byen Varosha på Kypros. Parlamentet konstaterer at tilhøvet mellom EU og Tyrkia er på eit historisk botnnivå og viser til mellom anna til landets brot på suvereniteten til Hellas og Kypros. Det blir også peikt på rolla Tyrkia spelar i konfliktane i Nagorno Karabakh, Libya og Syria.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no